Sak 76/12

Ny struktur for fjerde studieår

Se vedlagte dokumenter:

- Utredning fra arbeidsgruppe 21. september 2012
- Utdyping/kommentar fra arbeidsgruppen (etter møte 19. november) 23. november 2012
- Merknad fra (midlertidig) kursansvarlige i straffe- og sivilprosess 27. november 2012
- Notat fra prodekan 4. desember 2012. Det ble konferert om enkeltheter i planene den 3. desember 2012

På denne bakgrunnen foreslås følgende **vedtak om tilråding til fakultetsstyret**:

1. Kursansvarlige i strafferett får fullmakt til å gjennomføre seminarundervisning som foreslått i notatet av 21. september, som en prøveordning for studieåret 2013/2014. Følgende forutsetninger gjøres gjeldende:

    a. kursansvarlige kan sikre at det fins et tilstrekkelig antall kvalifisert lærerpersonell tilgjengelig

    b. det foreligger ikke avgjørende eller særlig tungtveiende administrative hindringer (frister, kapasitet el.a.)

    Det gis ikke generelt tilsagn om 25 % økning av ressursrammene for fjerde studieår eller noen enkelt del av det.

2. Utvidelse av eksamenstiden gjennomføres ikke nå for noen av emnene i fjerde studieår. I stedet inngår vurdering av eksamensform (og omfang) eventuelt i forlengelse av programevalueringen for 2012.

3. Det gis ikke tilsagn om generell (25 %) økning av ressursrammene for fjerde studieår eller noen del av det. I stedet oppfordres det om innspill om konkrete tiltak der kostnadsrammene inngår i forslaget.

4. For studieåret 2013/2014 gjennomføres følgende struktur for fjerde studieår, under forutsetning av at det ikke foreligger avgjørende eller særlig tungtveiende administrative hindringer (frister, kapasitet el.a.):

    a. Uke 33 – 45/46: Strafferett (13,3 uker)
    Konkret utforming ved kursansvarlige.

    b. Uke 46 – 9/10: Prosessfagene (13,3 uker)
    Konkret utforming ved kursansvarlige.

    c. Uke 9/10 – 24: Formuerett (13,3 uker)
    Konkret utforming ved kursansvarlige.

Endringar i strafferettsundervisinga
Rapport frå ei arbeidsgruppe

1. Innleiing

Dekanus oppnemnde i brev av 04.05.12 følgjande arbeidsgruppe til å vurdera endringar i opplegget for strafferettsundervisinga med sikte på gjennomføring i studieåret 2013/2014:

- Professor Henry Mæland
- Postdoktor Jørn Jacobsen
- Professor Erling Johannes Husabø (leiar)

Arbeidsgruppa har hatt 4 møte. Vi har også hatt samtalar med ei rekkje kollegaer. Gruppa har fått hjelp frå administrasjonen ved Jan Erik Hatling til å rekna på ressursbruken ved noverande og alternative undervisingsopplegg.

Innleiingsvis vil vi framheva at det er mange positive trekk ved dagens opplegg på fjerde studieår. Det er eit gode at studentane får noko lengre undervisningsbolkar enn tidlegare i studiet og at fleire fag blir studerte i samanheng. Vi ser det som særleg verdifullt at ein har klart å vidareføra den solide og integrerte satsinga på strafferett og straffeprosess som har kjenneteikna fakultetet vårt gjennom mange år. Det har også vore gjennomgåande gode tilbakemeldingar frå studentar og sensorar. Likevel er det med visse mellomrom nødvendig å føreta ein kritisk gjennomgang av undervisningsopplegget.

Ein slik gjennomgang vart gjort i samband med studiereforma av 2003. Men som kjent vart dei største grepa den gongen tekne på første til tredje studieår. Det pedagogiske opplegget for undervisinga i strafferett og rettargang på fjerde studieår vart difor i stor grad ei vidareføring av tidlegare opplegg. At grunngivinga for dette først og fremst var knappe ressursar, går fram av Studieordningskomiteen si innstilling:[1]

> *Tanken er at lærerinnsatsen – særlig i form av gruppeansvar og kommentering av skriftlige arbeid – skal være mest intens i den første delen av studiet. Ideelt sett bør det være tett lærerkontakt og oppfølgning gjennom hele studiet, men da slik at den form denne kontakten får endres etter hvert som studenten kommer lenger ut i studiet – frå en klassisk lærerrolle og gradvis meir over til seminarleder eller veileder. I praksis vil vi imidlertid måtte regne med at vi bare vil ha personelle og økonomiske ressurser til å gjennomføre slike lærerintensive opplegg i en sterkt begrenset del av studiet.*

I 2006 føretok programsensorane Stein Husby og Petter Asp ei gransking av fjerde studieår med vekt på strafferett og rettargang.[2] Dei sette fram ei rekkje synspunkt og forslag til forbetringar av opplegget for undervisning og sensur på

---

[1] Jf Delinnstilling I fra Studieordningskomiteen ved Det juridiske fakultet i Bergen, April 2002 s. 26.

[2] Jf Programsensorrapport no. 1 (granskning av fjärde studieåret med inriktning mot straff- og processrätt), datert 26.02.2006.

desse kursa. Men heller ikkje dette leidde til vesentlege endringar av opplegget. Vi har difor valt å trekkja fram ein del av programsensorane sine observasjonar og forslag i den følgjande drøftinga.

Endeleg må nemnast at også strafferett og rettargang vart omfatta av dei innsparingstiltaka som fakultetsstyret vedtok i desember 2008 for å få 2009-budsjettet i balanse.[3] Då vart tilbodet om oppgåveskriving halvert (frå to til ei oppgåve i kvart kurs). Samtidig vart eksamenstida redusert frå 6 til 4 timar på begge kursa, liksom for alle andre kurs i studiet. Desse innsparingstiltaka har blitt vidareført sidan den tid. Søknader frå den kursansvarlege om å få gå tilbake til 6 timars eksamenar har så langt ikkje ført fram.

I oppnemningsbrevet skriv dekanus at komiteen «som utgangspunkt» skal leggja dagens ressursamme til grunn for sine forslag, men at «dette er ikke til hinder for at man i et fremtidsperspektiv foreslår og prioriterer tiltak utenfor dagens ressursramme». Det blir også sagt at endringane skal liggja «innenfor den pedagogiske ramme som fakultetet arbeider under etter studiereformen fra 2003». Komiteen blir bedt om å vurdera eventuelle endringar av kurset i lys av fakultetet sin strategiplan. Elles blir det lagt lite føringar for arbeidet, anna enn at strafferettsfaget framleis skal ha ei ramme på 20 studiepoeng. Komiteen fekk også mandat til å vurdera om det vil vera tenleg å inkludera kurset i rettargang «i et mer helhetlig endringsprogram for strafferettsfaget».

2. Generelt om opplegget for 4. studieår

Det er som nemnt eit gode ved fjerde studieår at fleire fag blir studerte i samanheng. Særleg er det ein nær fagleg samanheng mellom strafferett og straffeprosess. Denne ønskjer vi å halda fast ved og utnytta i det faglege og pedagogiske opplegget. Det er også ein nær samanheng mellom sivilprosess og straffeprosess. Eit svakt punkt ved dagens opplegg er likevel at sivilprosessen blir studert heilt fråskilt frå dei privatrettslege emna som er tvistegjenstand i dei fleste sivile saker (om ikkje den sivile saka er mellom ein privatperson og det offentlege). Vi meiner det vil gi ein fagleg gevinst å trekkja sivilprosess og allmenn formuerett tettare saman på fjerde studieår. Ved å studera materielle og prosessuelle emne i samanheng, kan ein styrkja forståinga av begge fagområda. Samanhengen mellom straffeprosess og sivilprosess kan ein halda oppe ved å leggja undervisinga i desse emna rett etter kvarandre i tid (tettare enn i dag). Då vil det vera lett både på førelesingar og elles å peika på likskapar og skilnader mellom dei to prosessformene.

Vi har hatt uformelle samtalar både med dei to kursansvarlege for allmenn formuerett (Berte-Elen Konow og Hans Fredrik Marthinussen) og førelesaren i

[3] Fakultetsstyret 16.12.2008, sak 85/08.

sivilprosess (Magne Strandberg). Alle synest å vera positive til ei omlegging av fjerde studieår der faget rettargang blir delt i to og der sivilprosessen blir knytt tettare saman med formueretten. Fordi ei slik omlegging legg viktige føringar for det vidare arbeidet ba vi i juni dekanus om ei førebels tilbakemelding på dette. I brev av 10.08.12 uttrykte dekanus at han ikkje hadde merknader til at vi baserer rapporten på ei slik omstrukturering av fjerde studieår.

Vi føreslår etter dette å dela fjerde studieår inn i to like hovudbolkar, med to kurs (fag) i kvar. Den første bolken vert med strafferett (20 studiepoeng) og straffeprosess (10 studiepoeng), den andre med sivilprosess (10 studiepoeng) og allmenn formuerett (20 studiepoeng). Sidan studieåret er på 40 undervisningsveker, med 19 om hausten og 21 om våren, blir det naturleg å leggja strafferett og straffeprosess frå veke 33 om hausten til og med veke 2 om våren (med frådrag for to veke juleferie). Allmenn formuerett og sivilprosess går då frå og med veke 3 om våren og fram til midten av veke 24 (med frådrag for ei veke påskeferie og ei halv veke vekslande fridagar i mai).

Eksamensmessig vil dette medføra to eksamensdagar ved slutten av den første bolken. Meir konkret vil det t d innebera ein eksamen i strafferett på onsdag i veke 2 og så ein eksamen i straffeprosess på fredag i same veka. Tilsvarande vert det to eksamensdagar ved slutten av den andre bolken, t d med allmenn formuerett på mandag og sivilprosess på onsdag i veke 24. (Fjerde studieår har dei siste åra slutta med eksamen i Allmenn formuerett onsdag i veke 24.)

I det følgjande tek vi utgangspunkt i ei slik omlegging, og ser nærare på opplegget for strafferett og straffeprosess basert på ein modell der undervisinga i desse faga går frå veke 33 til og med veke 51 om hausten og med eksamen i veke 2 i vårsemesteret.

3. Faginnhald, læringsmål og litteratur

Slik omgrepet «strafferett» vert brukt som namn på kurset JUS241, omhandlar det den såkalla materielle strafferetten.[4] Under dette fell både dei normene som bestemmer kva åtferd som skal vera straffbar (ansvarslæra) og dei normene som fastset kva sanksjon og sanksjonsnivå som kan nyttast (sanksjonslæra). Det har vore ein viss tradisjon for også å dela den materielle strafferetten (både ansvars- og sanksjonslæra) inn i ein allmenn og spesiell del. Innafor den allmenne delen reknar ein då dei generelle normene som gjeld for dei fleste typar brotsverk, medan den spesielle delen omhandlar studiet av bestemte straffebod.

Skiljet mellom allmenn og spesiell (materiell) strafferett er primært av pedagogisk art, og har vore nytta både i læremiddela og ved opplegg av

[4] Når det gjeld fagleg inndeling og omgrepsbruk på strafferettens område viser vi elles til utgreiinga «Strategi for utvikling av et senter for fremragende forskning (SFF) i strafferett ved Universitetet i Bergen» v/Gröning, Kolflaath, Mæland og Husabø, avgitt 01.10.10.

undervisinga. Vi meiner likevel at ein ikkje bør trekkja denne sondringa for langt. For å avgjera om nokon kan straffast for ei bestemt åtferd må ein både drøfta straffevilkår som tradisjonelt blir omhandla i den allmenne strafferetten, og straffevilkår som er spesielle for den bestemte brotsverkstypen. Vi meiner generelt at ein i større grad bør sjå dei allmenne og spesielle problemstillingane i faget i samanheng. Eit utslag av dette er at ein bør leggja opp førelesingsrekkja i materiell strafferett som ein heilskap, utan eit skarpt skilje mellom ein allmenn og ein spesiell del. Førelesingane må nødvendigvis ha eit hovudfokus på allmenne problemstillingar, særleg i starten. Men ein bør søkja å integrera spørsmål som knyter seg til enkelte straffebod eller grupper av slike i framstillinga av dei meir allmenne linjene i faget. Endå meir gjeld dette i seminarundervisinga, sidan dei praktiske oppgåvene mest alltid inneheld både allmenne spørsmål og spørsmål som primært knyter seg til eit bestemt straffebod.

Innafor straffeprosessen fell reglene om korleis straffesaker skal handsamast av aktørane i strafferettspleia, dvs. politiet, påtalemakta og (ikkje minst) domstolane. Det er også ein nær indre samanheng mellom materiell strafferett og straffeprosess, sidan det er prosessreglane som gjer det mogeleg å omsetja ansvarslæra og sanksjonslæra til ilegging av straffeansvar og utmåling av straff i konkrete tilfelle. Mange av reglane og prinsippa i straffeprosessen knyter seg difor til og avspeglar sondringar som vi finn innafor den materielle strafferetten. Dette gjer det naturleg å leggja førelesingane i straffeprosess etter førelesingane i materiell strafferett. Samtidig gjer det nære praktiske sambandet mellom dei to faga at ein i seminarundervisinga bør søkja ein viss integrasjon, slik det også i noko grad vert gjort i dag. Meir konkret meiner vi dette kan gjerast ved å innretta enkelte seminar innafor bolken strafferett/straffeprosess som «prosedyreseminar», der studentane gruppevis må prosedera straffesaker som både inneheld materielle og prosessuelle spørsmål, jf nedanfor.

Det nærare utvalet av emne som studentane bør læra, kjem i dag til uttrykk i dei såkalla læringsmåla. For faget strafferett (JUS 241) lyder kravet til læringsutbytte i dag slik:

> *Etter at kurset er gjennomført skal studenten:*
> *-kunne analysere, drøfte og ta standpunkt til strafferettslige spørsmål.*
> *-kunne forklare strafferettens plass i rettssystemet, sammenhengen mellom strafferett og straffeprosess, av straffelovgivningens oppbygning og av strafferettslig metode.*
> *Innen den alminnelige strafferett skal studenten kunne anvende vilkårene for straffbarhet, slik som krav om lovhjemmel, straffrihetsgrunner som nødverge, nødrett og samtykke, skyldkravene forsett og uaktsomhet, kravet til tilregnelighet og reglene om ansvar for medvirkning, forsøk og sammenstøt av forbrytelser. Videre skal studentene kunne forklare hovedtrekkene i reaksjonssystemet, reglene om idømmelse av den enkelte reaksjon og valget mellom reaksjonene samt utmåling av straff.*
> *Studenten skal kunne redegjøre for forholdet mellom strafferetten og statsforfatningsrett og folkerett, herunder menneskerettigheter, samt begrunnelsen for straff og ulike straffeteorier.*

Innen den spesielle strafferett kunne løse de rettslige spørsmål som gjerne oppstår ved tolkning og anvendelse av straffebud med særlig vekt på straffelovens regler om:
- legemskrenkelser og drap (§§ 228-239)
- tyveri og naskeri (§§ 257, 258 og 391a)
- underslag (§§ 255, 256 og 264)
- bedrageri (ikke forsikringsbedrageri) (§§ 270, 271 og 271a)
- heleri (§ 317)

Den tilrådde kjernelitteraturen i strafferett omfattar Mæland si bok «Norsk alminnelig strafferett» frå 2012 (347 sider) og utvalde kapittel frå Andenæs/Andorsen, «Spesiell strafferett og formuesforbrytelsene» frå 2008 (196 sider), til saman 543 sider. Dette utgjer ca 27 sider pr. studiepoeng. Programsensorane har peika på at det bør vera rom for å auka omfanget av den tilrådde litteraturen i strafferettsfaget ein god del, og dei nemner 35 sider pr. studiepoeng som ei norm.[5] Men i studieplanen for masterstudiet heiter det at «kjernelitteraturen skal som regel ikke overstige 30 tekstsider pr. studiepoeng på 1. – 4. studieår».[6] I uttrykket «som regel» ligg ei opning for visse avvik.

Etter vårt syn bør det vera rom for å utvida kjernelitteraturen noko ut over 30 sider pr. studiepoeng på fjerde studieår. For det første må ein kunna venta at studentane har noko større kapasitet til å lesa og tileigna seg juridisk fagstoff i siste del av studiet. I denne samanhengen kan nemnast at ein i Oslo har lagt seg på ei norm på 50-60 sider pr. studiepoeng på fjerde og femte studieår, mot 40 sider på dei tre første studieåra. For det andre må ein kunna ta omsyn til at strafferettslitteraturen si oppdeling i ein allmenn og ein spesiell del inneber at ein god del spørsmål blir omhandla både i den allmenne strafferetten (som nødvendigvis må henta døme frå bestemte straffebod) og i den spesielle strafferetten. Det er med andre ord ein del overlapping mellom dei to bøkene som i dag utgjer kjernelitteraturen. Vi meiner difor at sjølv med ein auke til 35 sider pr. studiepoeng vil litteraturomfanget vera moderat og forsvarleg.

I dagens læringsmål i strafferett er utvalet av straffebod avgrensa til utvalde formuesbrotsverk og brotsverk mot liv og lekam. For det faglege utbyttet vil det vera ein fordel med ei viss utviding av spekteret av ulike straffebod som ein skal ha særleg kjennskap til. Vi føreslår at ein også tek med praktisk viktige område som narkotikabrotsverk og ran. Vi føreslår dessutan å ta med prostitusjon, hallikverksemd og menneskehandel. Dei sistnemnde reglane kan nyttast som ein innfallsvinkel både til samtykke-problematikken og til strafferettens internasjonale dimensjonar (at mange straffebod avspeglar folkerettslege reglar, at norsk rett også gir høve til å straffa mange brotsverk som er gjort i utlandet osv). Det siste vil vera i tråd både med samfunnsutviklinga og det auka fokuset

[5] Jf Programsensorrapport No. 1 s. 6-7.
[6] Jf Studieplan for integrert masterprogram i rettsvitskap ved Universitetet i Bergen, vedteken av fakultetsstyret 16. juni 2011.

på strafferettens internasjonale dimensjonar i forskinga ved fakultetet. Til saman vil dette forslaget gi eit tillegg på 33 sider, rekna ut frå boka til Andenæs/Andorsen.

Vi ser dessutan behov for noko meir utdjupande lærestoff som koplar saman allmenne diskusjonar om strafferettens formål og funksjonar med dei ulike spesifikke sidene ved strafferettssystemet, som til dømes reaksjonslæra og straffgjennomføringa. I denne samanheng viser vi til strategiplanens fokus på metode, etikk og verdiar. Også her vil ein kunna trekkja vekslar på nyare forsking ved fakultetet, og ein bør gjerne utvikla noko nytt lærestoff til dette føremålet. Vi går ikkje meir detaljert inn i dette her. Eit meir konkret forslag til endringar i læringsmål og litteratur for strafferettens sin del vil bli sett fram av dei kursansvarlege etter at fakultetet har handsama denne rapporten.

Når det gjeld straffeprosess, utgjer pensum i dag nokså nøyaktig 350 sider, slik at ein (føresett av straffeprosess vert rekna til 10 studiepoeng) her allereie ligg på 35 sider pr. studiepoeng. Vi har ikkje sett noko umiddelbart behov for endringar i læringsmål og litteratur i straffeprosess og kjem difor ikkje med endringsforslag for dette faget sin del. Vi ser det likevel som naturleg at den/dei som skal ha kursansvaret i straffeprosess for studieåret 2013/2014 vurderer dette nærare.

4. Det pedagogiske opplegget, særleg om seminara

I oppnemningsbrevet blir vi særskilt bedt om å vurdera «om de pedagogiske rammene for kurset er hensiktsmessige», og det blir sagt at gruppa kan føreslå «de endringer de finner ønskelig innenfor den pedagogiske ramme som fakultetet arbeider under etter studiereformen fra 2003».

Det er ikkje heilt lett å finna eit enkelt uttrykk for kva som kjenneteiknar desse «pedagogiske rammene». Dei pedagogiske ideane har blitt utvikla gradvis heilt frå reformarbeidet i forkant av studiereforma, i samband med studiereforma og i seinare utgreiingar og planar. Den rapporten som framfor alt la premissane for reformarbeidet er likevel Lars Skjold Wilhelmsen si utgreiing «Fra undervisning til læring» (2000).[7]

Der framhevar Wilhelmsen (s. 8) at kunnskap «ikke er noe som bare overføres frå en lærer til en student» men noko som den enkelte studenten konstruerer gjennom ein individuell prosess. Fokus blir dermed flytta frå sjølve undervisinga til studentane sin læringsprosess, og det sentrale spørsmålet vert kva som stimulerer den enkelte sin læringsprosess best mogeleg. Wilhelmsen framhevar

[7] Lars Skjold Wilhelmsen, Fra undervisning til læring: Pedagigiske premisser for ressursvurderinger (mai 2000).

«problembasert læring» som ein tenleg metode, også for jusstudiet, og skriv m a om dette (s. 12):

> *I problembasert læring er studentenes arbeid knyttet til arbeidet med gitte problemer, og de stimuleres til systematisk og bevisst bearbeidelse av kunnskapene. Problemløsningen er en aktiv læreprosess som underbygger kunnskapene og evnen til systematisk å nærme seg et problem og å bruke det som er spesifikt for problemløsning innen et fag … Studentene lærer gjennom dette også å innse kompleksiteten i problemstillinger de vil møte i det praktiske liv, og betydningen av metodekunnskap i slik sammenheng.*

Denne vektlegginga av problembasert læring prega det vidare arbeidet med studiereforma. Studieordningskomiteen av 2002 framheva arbeidet med problemorienterte oppgåver som eit «grunnelement i læringen».[8] Det vart lagt stor vekt på at arbeidet med oppgåvene skulle vera forankra i diskusjonsgrupper og at studentane skulle få regelmessige tilbakemeldingar frå ein lærar (eller vidarekomen student), både munnleg og skriftleg. Som nemnt innleiingsvis var det mest ressursmessige omsyn som gjorde at dei pedagogiske grunntankane som låg til grunn for studiereforma ikkje fekk prega fjerde studieår like mykje som dei føregåande studieåra.

Det høyrer rett nok med i biletet at undervisinga i strafferett og rettargang heile vegen har hatt nær tilknyting til problemstillingar som ein møter i det praktiske rettslivet, noko som har vore stimulerande for studentane. At mange seminarleiarar har hatt solid praktisk erfaring har også medverka til dette. Likevel meiner vi det er eit potensial for endringar som vil bidra til ei betre realisering av grunntanken om problembasert læring med hyppige og gode tilbakemeldingar frå lærar til student(ar).

Dagens undervisingsopplegg er prega av intensive men omfangsrike førelesingsbolkar, etterfølgt av intensive seminarrekkjer med tre dobbeltimar i veka. Programsensorane peika i 2006 på at ein for å realisera tanken om problembasert læring burde ha meir regelmessige seminar spreidde utover i semesteret, slik at arbeidet med dei praktiske oppgåvene kunne fungera meir som eit startpunkt enn sluttpunkt i læringsprosessen.[9] Dette var noko også fakultetet i prinsippet slutta seg til.[10] For å følgja opp dette, bør både førelesingane og seminara spreiast meir utover i semesteret. Slik vil det bli meir rom for å førebu og arbeida med stoffet mellom kvar førelesing, og den problembaserte læringa gjennom seminaroppgåvene vil bli ein «puls» som går gjennom heile perioden.

Vi føreslår såleis at ein i større grad held førelesingar og seminar parallelt gjennom heile semesteret. Ein bør leggja opp ei tematisk utvikling i seminaroppgåvene som i grove trekk heng saman med den rekkjefølgja som

---

[8] Jf Delinnstilling I fra Studieordningskomiteen s. 26.

[9] Jf Programsensorrapport no. 1 s. 3-4.

[10] Jf Notat til fakultetsstyret i sak 57/06.

ulike tema vert teke opp i førelesingane. Det bør vera ei fast oppgåve (evt. eit sett med to-tre oppgåver) knytt til kvart 2-timars seminar. Kvar oppgåve bør medvite innrettast mot bestemte delar av læringsmåla. Dette kan gjerast ved at ein skriv i overskrifta til kvar oppgåve kva som er det viktigaste studentane skal læra med denne oppgåva (t d eit eller to allmenne emne og nærare kjennskap til bestemte straffebod). Det bør også vera eit medvite forhold mellom kva læringsutbytte ein legg opp til at seminara skal gi, samanlikna med førelesingane. Det treng ikkje vera full parallellitet her. På den eine sida kan førelesingane innehalda generelt stoff som ein ikkje umiddelbart har bruk for i arbeidet med seminaroppgåvene, og på den andre sida kan seminaroppgåvene bringa studentane i kontakt med nye problemstillingar og detaljar som ikkje har vore framme i førelesingane. På den måten vil dei to læringsarenaene utfylla kvarandre, og ein får utnytta fortrinna ved kvar av dei.

Det er naturleg å starta haustsemesteret med førelesingar og seminar i strafferett. I oppgåvene i strafferett bør ein medvite trekkja inn både emne frå den allmenne strafferetten og tolkinga av bestemte straffebod. I førstninga bør hovudtyngda liggja på allmenne problemstillingar, slik som i førelesingane, men etter kvart kan ein trekkja inn problemstillingar som er meir spesielt knytt til eit eller ei gruppe av straffebod. Deretter følgjer førelesingar og seminar i straffeprosessuelle emne. Vi meiner dessutan det vil vera fruktbart med enkelte «prosedyreseminar» mot slutten av denne undervisingsbolken som kombinerer materiell strafferett og straffeprosess. Ein kan t d bruka dei 4 siste seminara til dette.

Eit høveleg omfang kan vera to dobbeltimar med førelesingar og ein dobbeltime seminar i veka fram til byrjinga av desember. Deretter kan ein avvikla dei nemnde prosedyreseminara over ca to veker. Med ein slik "rytme" vil det bli plass til det same talet på seminar som i dag (20 dobbeltimar), medan omfanget av førelesingane må reduserast noko. Dagens omfang er 44 timar i strafferett og 28 timar i straffeprosess, til saman 72 timar. Den gjeldande norma er inntil 2 timar pr. studiepoeng, noko som tilseier ein reduksjon av førelesingane til 60 timar i alt. Etter vårt syn vil dette likevel berre kunna forsvarast dersom ein både styrkjer seminaropplegget som her nemnt og aukar innslaget av skriving og tilbakemelding ut over den minimumsløysinga som vert skissert nedanfor. (Vi har difor i det følgjande rekna med to dobbeltimar i veka over 16 veker, til saman 68 førelesingstimar.)

Med ei målsetjing om å styrkja den problembaserte læringa er det nødvendig med ein full revisjon av dei noverande seminaroppgåvene i strafferett og rettargang (både straffeprosess og sivilprosess). Dette arbeidet bør ein setja i gang snarast. Det må dessutan utarbeidast ei rettleiing til kvar oppgåve. Rettleiinga bør i tillegg til å avklara reint faglege spørsmål også fokusera på metodiske og pedagogiske utfordringar som den enkelte oppgåva byr på.

For at ein skal oppnå den ønskjelege kvaliteten på seminaroppgåvene og rettleiingane, må utarbeidinga av desse godtgjerast i undervisingsrekneskapen, slik det vart gjort då oppgåvesetta vart utarbeidde for dei tre første studieåra. Omfanget av arbeidet vil erfaringsmessig tilsvara arbeidet med å laga ei praktisk oppgåve med rettleiing til eksamen. Ein må gå gjennom oppgåvene og rettleiingane kvart år, både i lys av rettsutviklinga og erfaringa med korleis oppgåvene fungerer pedagogisk. Sjølv om dei fleste oppgåvene gjerne kan brukast om igjen, vil det erfaringsmessig vera behov for ei eller fleire nye oppgåver kvart år.

Ei viktig side ved seminara er at studentane tek del i munnlege presentasjonar og diskusjonar. Ein bør aktivt arbeida for at alle studentane er munnleg aktive (noko som ikkje alltid er tilfelle). Dette stimulerer læringa og øver opp eigenskapar som er viktige i det juridiske yrkeslivet. Dei ovanfor nemnde prosedyreseminara vil vera særleg tenlege med dette for auga. Der kan ei gruppe studentar representerer påtalemakta og ei anna den/dei tiltalte, etter mønster frå ei vanleg straffesak. I løpet av tre-fire slike seminar vil alle måtta prøva seg med prosedyre. Også på dei andre seminara (eller nokre av desse) kan ein gi ei gruppe studentar ansvar for å innleia til diskusjon. Korleis ein innrettar den munnlege aktiviteten i gruppene påverkar normalt ikkje ressursbruken. Det bør difor vera rom for at ein prøver ut ulike modellar for å fremja god førebuing og gode diskusjonar mellom studentane. Dette bør skje i eit samarbeid mellom dei kursansvarlege og andre lærarar som deltek i undervisinga.

5. Skriftlege arbeid og tilbakemelding undervegs

Eit sentralt element i det undervisingsopplegget som pregar studieordninga av 2003 er at studentane skriv mange oppgåver og får regelmessige tilbakemeldingar på desse. På fjerde studieår er dette innslaget minimalt, samanlikna med første til tredje studieår. Det avgrensar seg til to obligatoriske innleveringsoppgåver,[11] ei i strafferett og ei i rettargang. Desse blir kommenterte av ein sensor og levert tilbake til studenten etter nokre veker.

Ei ulempe ved denne avgrensinga til to obligatoriske oppgåver er at skrivinga og tilbakemeldinga berre skjer på utvalde «punkt» i undervisningsbolken og ikkje fortløpande slik som på dei tre første studieåra. Den første oppgåva kjem først etter ca 6 veker. Dermed går studentane glipp av den særkilte læringsstimulansen som det gir å måtta starta tidleg under arbeidet med eit fag med å uttrykkja tankar og argument i skriftleg form. Ei anna ulempe er at tilbakemeldinga på den siste av dei to oppgåvene kjem forholdsvis nær opp til eksamen (ca. 5 veker før), slik at det er avgrensa tid til å læra av

[11] Med obligatoriske innleveringsoppgåver meiner vi her slike oppgåver som studenten må ha bestått for å gå opp til eksamen.

tilbakemeldingane og justera kursen. For det tredje representerer dei obligatoriske oppgåvene ein klassisk "ein til ein"-kommunikasjon. Studenten skriv til sensor åleine, og sensor gir ei tilbakemelding som berre denne studenten får nytte av (om ikkje studentane utvekslar oppgåver og kommentarar på frivillig basis). På første til tredje studieår er dette vesentleg annleis, ved at studenten skriv til ei heil gruppe, kommenterer andre sine oppgåvesvar og kan læra av dei tilbakemeldingane som læraren (evt. vidarekomen student) gir til både eigne og medstudentar sine drøftingar.

For å bringa undervisinga i strafferett og straffeprosess meir i tråd med dei pedagogiske rammene for noverande studieordning er det etter vårt syn nødvendig med ei vesentleg styrking av innslaget av skriving og tilbakemeldingar på skriftlege arbeid. Det at studentane har hatt så mykje av denne typen aktivitet på dei tre første studieåra, kan rett nok tenkjast å ha gjort dei noko trøytte av å måtta skriva og kommentera kvar veke. Ein kan også innvenda at studentane gjennom dette har øvd opp gode skriftlege eigenskapar og ikkje treng eit like skrive-intensivt opplegg på fjerde studieår. Men eit kvart fag har sine særeigne metodiske utfordringar. Til dømes krev det øving å få ei god form på drøftinga av dei ulike vilkåra for straff, konkurrensspørsmål og forholdet mellom straffeprosesslova og menneskerettane. Det er difor behov for ei skrivetrening særleg retta inn mot faga strafferett og straffeprosess, ut over det som dei noverande obligatoriske oppgåvene kan gi.

Eit vanskelegare spørsmål er korleis ei slik utvida skrivetrening kan innrettast. Her må ein, som elles i studiet, balansera omsynet til maksimal læringseffekt og ressursmessige omsyn. Ein bør også sjå på korleis vi best mogeleg kan få utnytta IKT-løysingar i denne samanhengen. Vi har ikkje kome fram til ein fullt utvikla modell for faga strafferett og straffeprosess på dette punktet, men nøyer oss i denne omgang med å skissera eit alternativ, som vi også nedanfor (punkt 9) har forsøkt å kalkulera ressursbruken i høve til.

Det alternativet vi her vil skissera, kombinerer element frå noverande seminaropplegg på fjerde studieår med skriving og kommentering på nettet etter eit liknande mønster som på tredje studieår. Som nemnt ovanfor føreslår vi at ein held eit seminar (dobbeltime) pr. veke fram til byrjinga av desember, og deretter tre-fire prosedyreseminar over to veker. Innafor den første perioden på ca 16 veker, frå veke 34 til og med veke 49, ser vi for oss at det etter kvart seminar (kanskje med unntak av det siste) er nokre studentar i kvar seminargruppe som skal levera ei skriftleg drøfting av den oppgåva (eller delar av denne) som vart drøfta munnleg på seminaret. Desse oppgåvesvara vert så kommenterte av ein lærar. Slik vil det innafor kvar seminargruppe føregå kontinuerleg skriving og kommentering gjennom mest heile undervisingsbolken for strafferett og straffeprosess. Den enkelte studenten vil kunna læra både av dei tilbakemeldingane som læraren gir han personleg og av tilbakemeldingar til andre studentar som har skrive den same eller ei av dei andre oppgåvene.

Når det gjeld omfanget av skriving og tilbakemelding meiner vi at kvar student som eit minimum bør få levera (og kommentert) to oppgåvesvar i løpet av undervisingsbolken. Dersom seminargruppa er på inntil 30 studentar, vil det bety at fire studentar kvar gong skriv ut eit oppgåvesvar som så vert kommentert og gjort tilgjengeleg for denne seminargruppa. (Reknestykket vert då: 4 oppgåvesvar x 15 seminar = 60 oppgåvesvar pr. storgruppe. Delt på 30 studentar = 2 pr. student.)

Dersom det er fire studentar i kvar seminargruppe (på 30 studentar) som skriv eit oppgåvesvar etter kvart av desse 15 seminara, vil det bety at kvar student vil få personleg tilbakemelding to gonger i løpet av undervisingsbolken.

Vi presiserer at det her skisserte alternativet er å rekna som ei minimumsløysing. Det ville vera ein klar fordel å gi tilbod om å skriva og få tilbakemelding på fleire enn to oppgåver. Det er også mogeleg å lata studentane skriva nokre fleire oppgåver som berre blir kommenterte av medstudentar. Men dette heng nært saman med spørsmål om i kva grad undervisingstilbodet skal innehalda obligatoriske element, jf neste punkt.

6. Graden av obligatoriske element

I mandatet frå dekanus blir vi bedt om å drøfta særskilt kva innslag det bør vera av obligatoriske element i undervisinga. Dette er i dag avgrensa til skriving av to obligatoriske innleveringsoppgåver, ei i strafferett og ei i rettargang. Programsensorane tilrådde i 2006 noko meir obligatoriske innslag enn dette.

Gode grunnar talar etter vårt syn for at det bør vera eit mindre innslag av obligatorisk element på masterdelen av studiet enn tidlegare. På dette nivået må ein kunna forventa at studentane har innarbeidd gode og sjølvstendige studievanar, og i større grad kan ta ansvar for eiga læring. Den enkelte sin studiesituasjon og preferansar kan variera, slik at eit opplegg som passar godt for dei fleste studentane gjerne ikkje passar like godt for alle. I tillegg til dette sparer ein administrative ressursar ved å ha mindre obligatoriske element enn på dei første studieåra.

På den andre sida har den «frivillighetskulturen» som i dag pregar seminara på fjerdestudieår også sine ulemper. Erfaringa er at studentane kjem og går mest som dei vil. Dei byter også seminargruppe ganske fritt i praksis, dels ut frå kva tider som passar den enkelte til ei kvar tid. Vi kan heller ikkje sjå bort frå at det også skjer ei viss «shopping», der studentar prøver ut kva seminarleiarar ein får mest utbytte av å høyra på. Ei anna og meir vesentleg innvending er at det i dagens opplegg ligg eit for svakt element av intern forplikting til å førebu seg til og møta opp kvar gong. Med meir forpliktande og stabile grupper vil ein kunna få til ein betre gruppeprosess der lærar og studentar følgjer opp tråden frå forrige gong. Læraren vil dessutan læra kvar student betre å kjenna og kan dermed

tilpassa betre korleis han formidlar til og utfordrar den enkelte i gruppa. Det er difor ønskjeleg å få til ordningar som gir større stabilitet og kontinuitet i gruppene.

Ein måte å gjera dette på er å forlanga at studentane skal halda seg til si eiga gruppe, og i alle fall ikkje får byta gruppe utan at dei har spurt om dette på førehand og med ein god grunn. Men i tillegg til dette kan ein byggja inn eit sterkare eigarforhold til gruppa ved å leggja inn element av førebudde munnlege innleiingar (som går på omgang), og ved å knyta også skriving og kommentering på nettet til den same gruppa. Dette kan kombinerast med eit system der studentar som har meldt seg på ei gruppe, og som så ikkje leverer skriftlege oppgåvesvar når det er deira tur, eller ikkje deltek med ein munnleg presentasjon der det blir kravd, misser retten til å vera med i denne gruppa.

Gode grunnar talar likevel for ein bør gjera det obligatorisk å levera minst to skriftlege svar på seminaroppgåvene. Det vil pressa studentane til på fleire tidspunkt i undervisingsbolken å øva på dei særlege metodiske utfordringane som desse faga reiser. For studentar som ikkje ønskjer å delta på seminara, kan ein oppretta virtuelle seminargrupper der tilsvarande skriving og kommentering skjer utan at gruppa også møter fysisk til seminar.

Med eit slikt opplegg meiner vi det vil vera forsvarleg å redusera talet på obligatoriske innleveringsoppgåver til 1 (mot 1,5 i dag, teke omsyn til at faget rettargang blir delt). Ei løysing er å lata denne innehalda både spørsmål frå materiell strafferett og straffeprosessuelle spørsmål. I så fall må oppgåva leggjast såpass seint i semesteret at ein har byrja med førelesingane i straffeprosess. Eit anna alternativ er å knytta den obligatoriske innleveringsoppgåva til faget strafferett og heller knyta eit obligatorisk munnleg innslag til faget straffeprosess.

Programsensorane tilrådde i 2006 å innføra «något obligatoriskt moment med muntliga presentationer (föredrag) i anslutning til seminarierna».[12] Når vi no ser på heile undervisingsopplegget på nytt, meiner vi dette er eit godt forslag. Prosedyre og andre former for munnlege presentasjonar er noko alle som skal arbeida med strafferett og prosess vil ha god nytte av. Også for dei som seinare kjem til å arbeida mest med andre fagområde, vil øving i munnleg framlegging og prosedyre vera ein fordel (og tidlegare i studiet får dei ikkje så mykje av dette).

Eit innslag med obligatorisk munnleg presentasjon kan i praksis gjennomførast på ein enkel måte, ved at seminarleiarane kryssar av på ei liste når dei ulike studentane i løpet av seminarperioden har hatt munnleg framlegging. For studentar som vel ikkje å vera med i dei vanlege (16 første) seminara, eller som droppar ut frå desse, må det opprettast ei eiga seminargruppe (eller fleire) for

[12] Jf Programsensorrapport no. 1 s 7.

prosedyreseminara, der desse får sjansen til å ha den nødvendige munnlege presentasjonen/prosedyren.

Den modellen som vi her skisserer, innheld såleis tre obligatoriske element:

- Skriving av minst to oppgåvesvar i tilknyting til seminaroppgåvene
- Skriving av ei obligatorisk innleveringsoppgåve utanom dette
- Munnleg presentasjon på minst eitt seminar.

Sidan strafferett og straffeprosess skal utgjera to separate kurs, kan det vera naturleg å knyta nokre av dei obligatoriske elementa til strafferett og andre til straffeprosess. Det bør overlatast til dei kursansvarlege for dei to faga å føreslå den nærare fordelinga her.

7. Eksamen

Omlegginga som nemnt i punkt 2 ovanfor vil medføra ein eksamensdag meir på fjerde studieår. Vi meiner dessutan at eksamenane i kursa strafferett og allmenn formuerett, som kvar er på 20 studiepoeng, bør vera på 6 timar. Dette er noko dei kursansvarlege tidlegare har føreslått og grunngitt nærare. For strafferett sin del vil vi (også) framheva at det bør vera rom for å gi både teoretiske og praktiske spørsmål til eksamen (slik studieordninga vår generelt føreset). Innafor ei ramme på 4 timar vil det vanskeleg kunna fungera godt.

Vi har større forståing for at ein avgrensar eksamenane i straffeprosess og sivilprosess til 4 timar, sidan desse faga kvar er på 10 studiepoeng.

Samla sett blir ikkje dette meir eksamenstid pr. studiepoeng enn det som er eit gjennomsnitt elles på studiet (der dei fleste kursa er mellom 10 og 15 studiepoeng). Kostnadene med ei slik omlegging av eksamen må sjåast i samanheng med den totale ressursbruken i undervisinga i strafferett og straffeprosess, jf nærare i punkt 9 nedanfor.

8. Kursansvar og undervisingspersonale

I arbeidet med å utarbeida og gjennomføra eit godt undervisingsopplegg har den kursansvarlege ei nøkkelrolle. Det er viktig at fakultetet gir den/dei som har kursansvar kompetanse og ressursar til å styra kurset og treffa nødvendige avgjerder undervegs for å få undervisingsopplegget til å fungera godt. Det er også viktig med eit godt samarbeid mellom den kursansvarlege og andre lærarar som er engasjerte i kurset. På den måten kan ein inspirera kvarandre til å yta best mogeleg undervising og til å utvikla undervisingsopplegget vidare, basert på tidlegare erfaringar.

Når vi no er fleire med førstestillingskompetanse innafor strafferett og straffeprosess, er det naturleg at kursansvaret rullerer mellom fleire av desse (t d med endringar med eit par års mellomrom). Av omsyn til kontinuitet og som ein tryggleik i tilfelle uføresette fråvær, bør det vera to som deler på kursansvaret. Det må då avtalast ei nærare ansvarsfordeling mellom desse, slik at det til ei kvar tid er klart (mellom anna i høve til administrasjonen) kven som er som hovudansvarleg.

Programsensorane peika allereie i 2006 på at ein større del av undervisinga bør bli gitt av «disputerade lärare», men var medvitne om at dette krev langsiktig arbeid.[13] Sidan den gongen har talet på fast tilsette med kompetanse i strafferett/straffeprosess auka jamt. I forskargruppa i strafferett er det i dag 5 fast tilsette med professorkompetanse primært innafor strafferett/straffeprosess, 4 andre med doktorgradskompetanse på området (og ein til er under tilsetjing), og 5 stipendiatar. Vi har difor no eit godt utgangspunkt for å realisera målsetjinga i strategiplanen om at «undervisningen i alle obligatoriske fag i så stor grad som mulig gjennomføres av forskere med førstestillingskompetanse».

Førelesingane bør haldast av personar med doktorgradskompetanse i faget. Førelesingane er viktige når ein ønskjer å prega og utvikla faget. Det er også eit uttrykt ønskje at desse bør vera forskingsbaserte og avspegla den forskinga som skjer ved fakultetet.

På seminarundervisinga kan det vera tenleg med ei blanding av interne lærarar og eksterne lærarar med direktekontakt til strafferettspleia. Dei siste åra har det vore ei overvekt av eksterne lærarar (i 2011/2012 var talet 60 %). Vi meiner andelen av interne lærarar her bør aukast noko, i alle fall til 50 %. Vi meiner ein også kan ha noko å vinna på eit visst formalisert samarbeid mellom den kursansvarlege og seminargruppeleiarane, t d i form av eit par samlingar undervegs for å utveksla erfaringar. Av omsyn til kontinuiteten, og for å få utnytta erfaringar frå tidlegare år, bør ein sikta mot ein viss stabilitet (men sjølvsagt også fornying) i den gruppa som har ansvar for seminara.

Når det gjeld å få tak i gode eksterne lærarkrefter er det alltid ei utfordring å få undervisingsopplegg og tider til å passa inn i dei eksterne sin ofte travle kvardag. Det melder seg difor eit spørsmål om det å lata seminara gå jamt gjennom heile semesteret, i staden for i intense bolkar, kan gjera det vanskelegare å få tak i eksterne seminarleiarar. Dette er det vanskeleg å gi eit generelt svar på. Det vil truleg kunna variera frå person til person. Eit anna spørsmål er om eksterne seminarleiarar også vil vera villige til å ta del i kommenteringa av oppgåver på nettet. Eit alternativ kan vera å lata ein ekstern lærar ta første del av seminarserien (materiell strafferett, ca 11 seminar) og ein

[13] Jf Programsensorrapport no. 1 s 5. Også dette fekk tilslutning på fakultetet, jf Notat til fakultetsstyret i sak 57/06.

annan lærar den andre delen (straffeprosess og prosedyreseminara, ca 9 seminar). Det er også mogeleg å leggja kommenteringa på nettet til ein annan person enn seminarleiaren. Vi tilrår difor at ein i god tid før eit eventuelt nytt opplegg vert sett i verk, spør den mest aktuelle gruppa av eksterne lærarar om (og eventuelt i kva omfang) dei vil kunna vera med også på eit slikt nytt opplegg.

For interne lærarar vil det å vera seminarleiar i strafferett/straffeprosess, inkludert løpande kommentering av skriftlege oppgåver, gjera at haustsemesteret blir mykje prega av undervising. Til gjengjeld vil ein kunna ta ut så mykje av undervisingsplikta i denne perioden, at ein ikkje treng ta på seg omfattande undervisingsoppgåver i vårsemesteret. Ein fast tilsett lærar vil med ansvar for tre seminargrupper få godskrive i alt 540 arbeidstimar (40 x 3 x 4,5) for dette, medan ein mellombels tilsett vil få godskrive 600 timar. I tillegg kjem kommentering av 60 oppgåvesvar i kvar gruppe, som gir 180 arbeidstimar. Dermed vil den samla undervisingsplikta for eitt år (775 timar) vera praktisk tala fylt opp. For ein fast tilsett lærar som tek 2 seminargrupper gjennom heile semesteret vil det gå med 360 arbeidstimar til seminara og 120 arbeidstimar til kommenteringa, til saman 480 arbeidstimar (520 for ein mellombels tilsett). Den resterande delen kan likevel takast ut innafor faga strafferett/straffeprosess, t d med rettleiing av doktorgrads- eller masterstudentar, sensur av obligatoriske innleveringsoppgåver (haustsemesteret) eller eksamenssensur (vårsemesteret).

På eksamenssensuren har det dei siste åra vore brukt mest eksterne sensorar. Her bør det også vera fleire tilsette med, men det er på kort sikt neppe realistisk å koma opp i 50% her (som nok ville vore det ideelle).

Sidan den skisserte omlegginga av undervisinga i strafferett og straffeprosess vil krevja ein større innsats av lærarkrefter enn før, er det viktig at ein snarast tek til å kartlegga kva interne og eksterne lærarar som har høve til og er villige til å bli med på det nye opplegget frå hausten 2013. Dette vil vera avgjerande for i kva grad ein klarar å setja ordninga i verk allereie då.

9. Ressursar og ressursfordeling

Når det gjeld ressursbruken har vi valt å fokusera primært på talet på arbeidstimar som går med, basert på dagens omrekningsnøklar. Kostnadene i kroner og øre vil avhenga mykje av om vi brukar interne eller eksterne lærarkrefter. Men fordelinga her varierer frå år til år, og vi meiner ein ikkje bør vurdera bruken av interne versus eksterne lærarkrefter ut frå eit snevert økonomisk reknestykke, jf ovanfor.

I det følgjande ser vi først på den generelle ressurstildelinga til fjerde studieår, samanlikna med dei føregåande studieåra (a). Deretter har vi rekna nærare på ressursbruken til strafferett og straffeprosess etter dagens opplegg (b). Vidare

har vi rekna på kva det vil kosta å ha eit slikt nytt opplegg som skissert ovanfor (c). Men vi presiserer at reknestykket knytt til det alternative opplegget først og fremst er sett opp for å gi ein indikasjon på kva det vil kosta å laga eit undervisingsopplegg som i større grad lever opp til dei pedagogiske føringane som studiereforma av 2003 er basert på. Detaljane i det alternative opplegget vil uansett måtta bli gjenstand for nærare drøftingar på fakultetet, inkludert med representantar for studentane. Til slutt ser vi på kva utslag det vil gi på ressursfordelinga mellom studieåra om også faga formuerett og sivilprosess blir gitt ein tilsvarande ressursauke (d).

a) Noverande ressursfordeling mellom ulike studieår

Vi har her teke utgangspunkt i administrasjonen (Hatling) sitt «Kostnads- og ressursbudsjett for undervisning 2012». I den samla oversikten over ressursbruken ved dei ulike studieåra har ein der teke utgangspunkt i kor mange arbeidstimar det blir godgjort for til undervising og eksamen på kvart studieår. Så har ein omrekna den arbeidsinnsatsen som interne lærarar yter, til kva det vil kosta å kjøpa tilsvarande arbeidstimar eksternt, og summert dette med den faktiske bruken av eksterne lærarkrefter. På den måten kjem ein ut med fiktive tal for kva undervisinga «kostar» på kvart studieår. For vårt formål er det ikkje tala i kroner og øre som er interessante, men den interne fordelinga mellom studieåra. Ressursfordelinga på dei fire første studieåra fordeler seg slik:

Tabell 1: NOVERANDE RESSURSFORDELING MELLOM STUDIEÅRA

	studenttimer (arbeidsgruppe-ledere)	lærertimer - interne og eksterne	omregnet kr	%andel (1.-4.)	studiepoeng pr. studieår	Kostnad pr. studiepoeng
1. studieår	7 395	7 530	3 366 013	30,5	50	67 320
2. studieår	8 855	6 507	3 393 847	30,8	60	56 564
3. studieår		8 159	2 394 563	21,7	60	39 909
4. studieår		6 734	1 867 541	16,9	60	31 126
SUM - 1. - 4.	*16 250*	*28 930*	*11 021 964*	*100*	*230*	47 922

Oversikten viser det som vi nemnde innleiingsvis, nemleg at fjerde studieår er vesentleg underfinansiert samanlikna med tidlegare studieår. Av den samla ressursbruken på dei fire første studieåra står fjerde studieår for 16,9% av ressursbruken (medan ein lik fordeling ville vera 25%). Korrigert for at ex.phil.

er halde utanfor på første studieåret (jf kollonna lengst til høgre) vert ressursbruken pr. studiepoeng endå noko lågare.

Med dei ressursane fakultetet i dag rår over meiner vi det i det minste bør vera ei målsetjing å koma opp på ein tilsvarande ressursbruk som på tredje studieår. Vi nemner i denne samanhengen at ein for 2012/2013 har dobla omfanget av kommentering av kursoppgåver på 3. studieår, noko som er medrekna i tala ovanfor. Sjølv om vi har forståing for ønskjet om å gi studentane våre ein god start, bør ein i den samla avveginga også ta med i biletet at strafferett og rettargang høyrer til masterdelen av studiet.

Vi har også sett nærare på forholdet mellom ressursbruk til undervising og eksamen. Under eksamen reknar ein i denne samanhengen også retting av såkalla obligatoriske heimeoppgåver, men ikkje (dei også obligatoriske) kursoppgåvene på tidlegare studieår.

Tabell 2: FORHOLDSMESSIG OMFANG AV EKSAMENSKOSTNADER

	sats	sensur	omregnet kr	%andel av eksamens-kostnader fordelt (1.-4.)	%andel til eksamen pr. studieår
1. studieår	293,50	3350	983 225	25,1	29,2
2. studieår	293,50	3851	1 130 269	28,8	33,3
3. studieår	293,50	3937	1 155 510	29,5	48,3
4. studieår	293,50	2215	650 103	16,6	34,8
SUM - 1. - 4. studieår			3 919 106	100,0	

Oversikten viser (i kollonna lengst til høgre) at ressursbruken på eksamen på fjerde studieår i dag utgjer 34,8% av den samla ressursbruken på dette studieåret, mot 48,3 % på tredje studieår. Grunnen til at første og andre studieår kjem ut med ein forholdsvis mindre andel eksamenskostnader, er at undervisingsopplegget (med arbeidsgrupper, skriving på nettet osv.) er mykje meir påkosta her. Tabellen viser også (midterste talkolonne) at dei totale eksamenskostnadene på fjerde studieår er langt lågare enn på alle dei føregåande studieåra.

Om ein legg om eksamensordninga slik vi føreslår, får ein på fjerde studieår to eksamenar på 4 timar og to på 6 timar, mot i dag tre eksamenar på 4 timar. Dette vil med dagens omrekningsfaktor utgjera ein samla auke i ressursforbruket på ca 350 arbeidstimar.[14] Om vi elles legg dagens undervisingsopplegg til grunn på

[14] Her og i det følgjande reknar vi at det er 350 studentar i kullet som tek eksamen kvart år. På grunn av at det samla talet på studentar kan variera noko, og fordi enkelte studentar vil gå gå opp til eksamen

fjerde studieår, vil eksamen krevja 40,3% av den samla ressursbruken på dette studieåret.

b) Noverande ressursbruk i strafferett og straffeprosess

Ifølgje ressursbudsjettet vert det i dag brukt 1592 arbeidstimar på strafferettsundervisninga i alt (utanom oppgåva som kursansvarleg og utarbeiding av eksamensoppgåver). Av dette går 220 arbeidstimar med til førelesingar (44x5) og 1372 arbeidstimar til seminarundervisinga. Til sensur går det med ca. 700 arbeidstimar, og om lag halvparten av dette er knytt til den obligatoriske oppgåva og halvparten til sensur av skuleeksamen.

Når det gjeld undervisinga i rettargang går det i alt med 240 arbeidstimar til førelesingar, og av desse 140 arbeidstimar (28x5) til straffeprosess. Seminarundervisinga i rettargang utgjer i alt 1280 arbeidstimar, og av dette går det 7/13 med til straffeprosess (som har 7 dobbeltimar, mot 6 i sivilprosess), dvs. 690 arbeidstimar. I tillegg går det med ca 700 arbeidstimar til sensur av obigatorisk oppgåve og skuleeksamen, noko som med ein halvdel på straffeprosess gir 350 timar. Samla ressursbruk for straffeprosess i dag er difor 1170 arbeidstimar.

Summerer vi dette igjen, får vi samla for strafferett og straffeprosess eit ressurforbruk på 360 timar til førelesingar og 2062 arbeidstimar til seminargrupper, til saman 2422 arbeidstimar til undervising. Samla ressursforbruk til sensur er ca 1050 arbeidstimar (fordelit likt på dei obligatoriske innleveringsoppgåvene og skuleeksamen). Alt i alt går det dermed med **3472 arbeidstimar** til undervising og eksamen i strafferett og straffeprosess.

I og med at budsjettkuttet som vart innført i 2009 vart sagt å vera mellombels, har vi også rekna på kva ressursbruken vil bli om ein går tilbake til omfanget av kommentering og eksamen før budsjettkuttet i 2009. Då ville vi hatt ei ekstra (men frivillig) innleveringsoppgåve i strafferett og ei halv i straffeprosess (saman med sivilprosess). Om ein reknar at 250 av studentane skriv desse, ville det (med omrekningsfaktor 1) gått med 375 arbeidstimar. I tillegg vil vi få 50% høgare ressursbruk på sensur av skuleeksamen (omrekningsfaktor 1,5 på 6 timars eksamen), dvs. eit tillegg på 262,5 arbeidstimar (525x0,5). Det samla tillegget vil då bli 787,5 arbeidstimar. Om vi held fram med dagens undervisingsopplegg men reverserer kutta frå 2009 vil det dermed gå med i alt **4109 arbeidstimar** til undervising og eksamen i strafferett og straffeprosess.

---

på nytt, vil det reelle talet nok vera noko høgare. Men det er vanskeleg å estimera kva utslag dette vil gi. Uansett påverkar ikkje dette samanlikninga mellom noverande og nytt opplegg, jf nedanfor.

c) Ressursbruk for strafferett og straffeprosess med det skisserte alternative opplegget

Førelesingar: 68x5 = 340 arbeidstimar.

Seminargrupper: Ressursbruken her kjem an på kor mange som nyttar seg av tilbodet om ein full seminarserie (20 samlingar). Her tek vi utgangspunkt i at det vert 10 grupper som i dag, med ca 30 studentar i kvar (reelle tal). Om desse vert fordelt med 4 grupper på fast tilsette (omrekningsfaktor 4,5=, 2 grupper på mellombels tilsette (omrekningsfaktor 5) og 4 grupper på eksterne lærarar (omrekningsfaktor 5), vil det gå med i alt 1920 arbeidstimar. I tillegg reknar vi med to ekstra grupper til prosedyreseminar (4 samlingar) for studentar som ikkje ønskjer å følgja heile seminarserien. Reknar vi at desse blir haldne av eksterne lærarar, vil det gå med 80 arbeidstimar til dette. Totalt vil seminarundervisinga dermed krevja 2000 arbeidstimar (mot 2062 i dag).

Kommentering av 2 obligatoriske oppgåvesvar pr. student i tilknyting til seminaroppgåvene: Med 350 studentar og omrekningsfaktor 1 gir det 700 arbeidstimar.

Ei obligatorisk innleveringsoppgåve: Med 350 studentar og omrekningsfaktor 1 gir det 350 arbeidstimar.

Til eksamen i strafferett (6 timar) vil det gå med 350x1,5 = 525 arbeidstimar. Til eksamen i straffeprosess vil det gå med 350x1 = 350 arbeidstimar. Samla ressursbruk til sensur av skuleeksamen vert 875 arbeidstimar.

Det alternative undervisings- og eksamensopplegget som vi har skissert ovanfor vil med dette utløysa ein samla ressursbruk på **4265 arbeidstimar**. (Også her held vi kursansvar og utarbeiding av oppgåver utanfor.)

Tabell 3: SAMANLIKNING AV RESSURSBRUKEN VED ULIKE OPPLEGG

	Førelesingar	Seminar	Kommentering av seminaropg	Obligatorisk innleveringsoppg.	Skuleeksamen	Arbeidstimar til saman
Noverande opplegg	360	2 062	-	525,0	525	3 472
Noverande opplegg utan 2009-kutta	360	2 062	-	900,0	787	4 109
Forslag til nytt opplegg	340	2 000	700	350,0	875	4 265

Dette vil seia at den nye modellen ligg ca 150 arbeidstimar over den ressursramma som desse faga hadde før budsjettkuttet i 2009. I høve til noverande ressursbruk utgjer det 793 arbeidstimar ekstra. Denne auken samanlikna med noverande opplegg tilsvarar omlag undervisningsdelen til ein intern lærar i 100% stilling (775 arbeidstimar).Det utgjer ein auke på 22,8% samanlikna med noverande ressursbruk.

For å gi dei kursansvarlege rimeleg fleksibilitet til å utforma det nye opplegget meir i detalj, meiner vi at fakultet bør gjera eit rammevedtak om at **ressursbruken til strafferett og straffeprosess kan aukast med minst 25%.** Dette forslaget tek utgangspunkt i dei undervisings- og sensuroppgåvene som er medrekna i tabellen ovanfor. Utforming av seminaroppgåver, eksamensoppgåver, rettleiingar og arbeidet som kursansvarleg er halde utanfor. Forslaget er vidare basert på at 350 studentar tek eksamen i løpet av eit år. Vi vil understreka at ramma for ressursbruken til undervisingstiltak ikkje bør gjerast avhengig av svingingar frå år til år i kor mange studentar som går opp til eksamen/kontinuasjonseksamen dette året (i praksis vil det seia eksamenstala for forrige studentkull).

d) Fordelinga mellom studieåra dersom heile 4. studieår får tilsvarande ressursar

d) Avslutningsvis har vi prøvd å samanlikna ressursbruken etter det skisserte nye opplegget med ressursane som går med på dei andre studieåra i dag. Her legg vi til grunn at faga formuerett og sivilprosess blir gitt tilsvarande ressursar som strafferett og straffeprosess (sjølv om opplegget ikkje treng vera heilt likt),. I dette reknestykket har vi fått hjelp til å leggja den nye modellen inn i dei eksisterande reknearka, der også arbeidstimar til kursansvar, utarbeiding av oppgåver m v ligg inne (liksom for den første tabellen i punkt a) framanfor). Vi vil understreka at det har vore vanskeleg å kontrollera alle tala her, men likevel skulle tabellen nedanfor gi eit grovt inntrykk av kva ressurstilførsel vi talar om her:

Tabell 4: RESSURSFORDELING MELLOM STUDIEÅRA VED CA 25% RESSURSAUKE TIL 4. STUDIEÅR:

	studenttimer (arbeidsgruppe-ledere)	lærertimer - interne og eksterne	omregnet kr	%andel (1.-4.)	studiepoeng pr. studieår	Kostnad pr. studiepoeng
1. studieår	7 395	7 530	3 366 013	28,5	50	67 320
2. studieår	8 855	6 507	3 393 846	28,7	60	56 564
3. studieår		8 159	2 394 563	20,3	60	39 909
4. studieår		9 058	2 658 523	22,5	60	44 309
SUM - 1. - 4. studieår	*16 250*	*31 254*	*11 812 945*	*100*	*230*	51 361

Med dette forslaget vil ressursbruken på fjerde studieår bli litt høgare enn på tredje studieår, men likevel vesentleg lågare enn på første og andre studieår.

10. Konklusjonar og tilrådingar

1. Fjerde studieår vert delt inn i to like hovudbolkar. Den første bolken inneheld strafferett (20 studiepoeng) og straffeprosess (10 studiepoeng) og går frå starten av haustsemesteret (veke 33) til veke 2 i vårsemesteret. Den andre bolken inneheld sivilprosess (10 studiepoeng) og allmenn formuerett (20 studiepoeng) går frå veke 3 til veke 24 i vårsemesteret.
2. Det vert halde ein eksamen på 6 timar i strafferett og ein eksamen på 4 timar i straffeprosess i veke 2 i vårsemesteret.
3. Dei kursansvarlege i strafferett og straffeprosess utarbeider nærare forslag til reviderte læringsmål og litteraturliste, i samsvar med dei føringane som ligg i rapporten. Litteraturomfanget skal liggja innafor ei ramme på ca. 35 sider pr. studiepoeng.
4. Førelesingane vert fordelt ut over det meste av haustsemesteret, innafor ei ramme på 68 førelesingstimar.
5. Studentane får tilbod om å delta i seminar. Seminara skal gå parallelt med førelesingane gjennom haustsemesteret, innafor ei ramme på 20 dobbeltimar. Nokre av seminara skal kombinera materielle og prosessuelle spørsmål.
6. Seminara skal ha innslag av munnlege presentasjonar frå studentane. Ein bør vurdera å gjera det til eit obligatorisk element å delta med munnleg presentasjon.
7. Kvar student får tilbod om å skriva og kommentera minst to av dei oppgåvene som vert nytta på seminara, og får tilbakemelding på desse frå seminarleiaren eller ein annan lærar. Oppgåvesvar med kommentarar skal vera tilgjengeleg for heile seminargruppa. Ein bør vurdera å gjera denne skrivinga obligatorisk.
8. Kvar student skal i tillegg levera ei obligatorisk kursoppgåve. Denne kan innehalda både materiell strafferett og straffeprosess.
9. Det vert utarbeidd eit heilt nytt oppgåvesett med rettleiingar til bruk på seminara med tilhøyrande skriving og kommentering på nettet.
10. Den samla ressursbruken til undervising og eksamen i strafferett og straffeprosess kan aukast med inntil 25%.

21.09.12: Henry Mæland Jørn Jacobsen Erling Johannes Husabø

Til prodekanus Knut Martin Tande

Omlegging av strafferettsundervisinga frå haustsemesteret 2013

Vi viser til drøftingsmøtet som vart halde 19.11 omkring gjennomføringa av reformforslaga frå arbeidsgruppa for endringar i strafferettsundervisinga. Vi oppfatta dei andre kursansvarlege på 4. studieår slik at dei i hovudsak stiller seg positive til den føreslåtte omlegginga. Men dei kursansvarlege for formuerett og rettargang sa at dei ikkje hadde kapasitet til å gjera det nødvendige grunnarbeidet med tanke på ei omlegging av heile 4. studieår frå og med studieåret 2013/2014. Vi har forståing for dette. Samtidig har vi eit sterkt ønskje om å setja i gang omlegginga av strafferettsundervisinga allereie frå neste haust, då vi skal ha kursansvaret. Med dette brevet vil vi skissera korleis reformen kan gjennomførast så langt som mogeleg for strafferetten sin del, utan at faga rettargang og formuerett treng gjera vesentlege endringar for 2013/2014.

Ein modell som var mykje framme i diskusjonane på møtet var at haustsemesteret startar med undervising i sivilprosess, og at resten av haustsemesteret vert sett av til strafferett (både allmenn og spesiell del). Undervisinga i straffeprosess vil då gå i januar og februar, og føresetnaden var vel at både rettargang og strafferett skulle ha eksamen første veka i mars.

Etter å ha tenkt nærare på dette (og Jacobsen var ikkje til stades på møtet), har vi kome til at det vil vera ei betre løysing å starta haustsemesteret med strafferett og så halda eksamen i det faget før ein går vidare med undervising i rettargang (sivilprosess før jul og straffeprosess etter jul). Dette gjer at vi kan leggja opp eit meir kompakt kurs, der studentane får eksamen i strafferett i nær tilknyting til undervisinga i dette faget. For oss som kursansvarlege vil det også vera ein fordel, då vi kan setja av haustsemesteret til undervisinga. Om eksamen kjem først i starten av mars, vil undervisingsoppgåvene i strafferett (inkludert ulike spørsmål frå studenthald) løpa frå september til ut i april (medrekna sensur).

Nedanfor følgjer ei liste over punkt som vi meiner er nødvendige for å få gjennomført reformen for strafferetten sin del. Det som ikkje kan gjennomførast no er ei samordning av strafferett og straffeprosess, mellom anna med nokre felles prosedyreseminar. Vi meiner den modellen som arbeidsgruppa skisserte framleis bør vera målet på lengre sikt. Samtidig kan det vera ein fordel for dei andre kursa at det nye opplegget vert prøvd ut på strafferetten i første omgang, slik at ein kan læra av erfaringane når reformen skal vidareførast for heile 4. studieår.

Eit spørsmål som vart halde litt ope i arbeidsgruppa sin rapport, er i kva grad deltaking på seminar og munnlege presentasjonar skal vera obligatoriske innslag på kursa. Vi er komne til at vi i denne omgang ikkje vil føreslå andre obligatoriske innslag enn at alle studentar må skriva og få godkjent to

seminaroppgåver i strafferett, jf nærare i punkt 6 i arbeidsgruppa sin rapport. Dette vil erstatta dagens obligatoriske innleveringsoppgåve i strafferett. Som nemnt i rapporten vil ei slik ordning gjera det mogeleg med løpande skriving i tilknyting til seminaroppgåvene, slik at ca. 5 studentar kvar gong skriv eit oppgåvesvar i etterkant av seminaret. For studentar som ikkje deltek på seminara føreslår vi at ein opprettar virtuelle grupper der den obligatoriske skrivinga skjer, slik som skissert i rapporten.

I staden for å gjera deltaking på seminara obligatorisk, vil vi heller forsøka å gjera opplegget på seminara så attraktivt at dei aller fleste vel å delta. Samtidig må vi forventa at dei som melder seg på seminara også tek del i desse. Vi meiner det difor må lagast nokre enkle reglar om at studentar som har meldt seg på seminar, men ikkje møter opp og leverer som forventa, kan missa retten til å vera med i gruppa (med den konsekvensen at dei hamnar i ei av dei virtuelle skrivegruppene). Sidan eksklusjon frå gruppa ikkje har konsekvensar for eksamensrett eller studieforløp, bør ei slik avgjerd kunna takast av seminarleiaren, gjerne etter å ha gitt ei åtvaring.

Etter å ha sett nærare på kalendaren for hausten 2013, og samanlikna med opplegget for tidlegare studieår, reknar vi med at det kan haldast eit orienteringsmøte for 4. studieår tysdag 13. august, og at undervisinga i strafferett kan starta umiddelbart etter det. Om vi reknar at strafferettskurset skal ha 1/3 av studieårets 40 veker, må dette kurset enda med eksamen i første del av veke 46. Meir konkret føreslår vi for hausten 2013 å halda eksamen den 13. november. Vi vil også presisera at forslaget om ein eksamen på 6 timar er viktig i denne samanheng, jf punkt 7 i rapporten, sidan seminaroppgåver, oppgåveskriving og eksamen må leggjast opp som ein heilskap.

Forslaget vårt til Studieutvalet kan konkretiserast slik:

1. Studieåret 2013/2014 vert undervisinga på 4. studieår lagt opp slik at faget strafferett går først, med oppstart i veke 33 og eksamen i veke 46. Deretter følgjer faget rettargang med undervising i sivilprosess frå veke 46 og undervising i straffeprosess etter nyttår.
2. Det vert halde ein eksamen på 6 timar i strafferett i veke 46. Eksamen i rettargang vert halde på same tidspunkt i vårsemesteret som tidlegare år.
3. Dei kursansvarlege i strafferett utarbeider nærare forslag til reviderte læringsmål og litteraturliste, i samsvar med dei føringane som ligg i rapporten. Litteraturomfanget skal liggja innafor ei ramme på ca. 35 sider pr. studiepoeng.
4. Førelesingane i strafferett startar i veke 33 og går fortløpande fram mot eksamen, innafor ei ramme på 42 førelesingstimar.

5. Studentane skal få tilbod om å delta på seminar, innafor ei ramme på 14 dobbeltimar. Seminara skal ha innslag av munnlege presentasjonar frå studentane. Studentar som har meldt seg på seminar men som over tid ikkje bidreg med frammøte og munnlege presentasjon, kan missa retten til å vera med i seminargruppa.
6. Kvar student skal skriva og kommentera minst to av dei oppgåvene som vert nytta på seminara, og skal få tilbakemelding på desse frå seminarleiaren eller ein annan lærar. Oppgåvesvar med kommentarar skal vera tilgjengeleg for heile seminargruppa. Studentar som ikkje er med i ei seminargruppe utgjer ei eller fleire virtuelle grupper, og deira oppgåvesvar skal også vera tilgjengeleg innafor gruppa.
7. Skriving og kommentering av seminaroppgåver (jf forrige punkt) erstattar det noverande kravet om ei obligatorisk kursoppgåve.
8. Dei kursansvarlege utarbeider våren 2013 eit heilt nytt oppgåvesett med rettleiingar til bruk på seminara med tilhøyrande skriving og kommentering på nettet. Arbeidet med dette skal godtgjerast i undervisningsrekneskapen.
9. Den samla ressursbruken til undervising og eksamen i strafferett kan aukast med inntil 25%.

Vi står gjerne til disposisjon dersom prodekanus eller studieutvalet ønskjer å få ei ytterlegare klargjering av forslaga.

23.11.12 Jørn Jacobsen Erling Johannes Husabø

Det juridiske fakultet
v/pro.dekan Knut Martin Tande

Studieopplegget i fagene Strafferett og Rettergang

Det vises til møtet angående studieopplegget på 4. studieår, der det, slik vi oppfattet det, kom til en enighet om rekkefølgen, tidsfordelingen og eksamenstidspunktet for fagene Strafferett og Rettergang. Videre vises det til brevet fra Erling Johannes Husabø og Jørn RT Jacobsen datert 23. november.

Magne Strandberg og jeg har nå tenkt gjennom og diskutert de endringene som foreslås i brevet av 23. november.

Innledningsvis finner vi grunn til å påpeke at vi ikke kan slutte oss til det som legges til grunn i andre setning i brevet. Vi er positive til at de fagansvarlige i faget Strafferett gis anledning til å gjennomføre den foreslåtte omleggingen i eget fag. Derimot ønsker vi ikke alt nå å gi en tilslutning til at det samme opplegg bør innføres i faget Rettergang. I løpet av en periode på 2 år bør en høste erfaring med opplegget i faget Strafferett. Deretter bør en ta stilling til om det samme opplegget bør gjennomføres også i faget Rettergang, eventuelt på hele 4. studieår.

Når det gjelder de konkrete forslagene i brevet av 23. november, kan vi ikke fullt ut akseptere forslagene. Vi kan imidlertid akseptere forslagene med visse endringer og under visse forutsetninger:

1. I dag starter undervisningen i sivilprosess i midten av august, mens eksamen i fagene Rettergang og Strafferett avholdes i månedsskiftet februar/mars, fortrinnsvis helt i slutten av februar. Til sammen blir dette 29 uker, inkludert julepausen og eksamensuken. I brevet av 23. november legges det opp til at 14 uker skal settes av til undervisning og eksamen i faget Strafferett, med den følge at eksamen i 2013 blir i uke 46. Konsekvensen for faget Rettergang blir at det ikke vil være mulig å gjennomføre hele undervisningen i sivilprosess før julepausen. I tillegg vil faget Strafferett tilgodeses med 2 uker mer enn faget Rettergang – 14 uker (fra uke 33 til og med uke 46) kontra 12 uker (fra uke 47 til og med uke 50 og fra uke 2 til og med uke 9). Som kommende fagansvarlige i rettergang kan vi ikke akseptere disse to konsekvensene. Vi mener derfor at undervisning og eksamen i faget Strafferett må gjennomføres på 13 uker, slik at eksamen i 2013 avholdes i uke 45.

2. Faget Rettergang består av to disipliner – sivilprosess og straffeprosess. Ideelt sett bør det være en kursoppgave som skrives etter at undervisningen i begge disipliner er ferdig. Dette vil ikke være mulig med det opplegget brevet av 23. november legger opp til. En eventuell kursoppgave må, vis den skal bli rettet i god tid før eksamen, leveres mellom forelesningene og seminarene i straffeprosess. Med et slikt opplegg mener vi at kursoppgaven ikke kan være obligatorisk i den forstand at den må være bestått for å kunne gå opp til eksamen. Det bør i høyden være en frivillig kursoppgave.

3. Også i faget Rettergang bør det åpnes for en viss økning av undervisningsmengden. Vi ønsker at omfanget på forelesningene i sivilprosess økes fra 20 til inntil 24 timer. I tillegg

ønsker vi at den samlede seminartiden i faget økes fra 26 til 28 timer. Planen er å legge inn 2 seminartimer i rettergang (sivilprosess og straffeprosess) mot slutten av kurset, eventuelt å redusere seminarene i straffeprosess fra 14 til 12 timer og legge inn 4 seminartimer i rettergang mot slutten av kurset.

4. Eksamenstiden må være minst like lang i faget Rettergang som i faget Strafferett. Faget Rettergang består tross alt av to ulike disipliner. Også i faget Rettergang må derfor eksamenstiden settes til 6 timer.

For studieåret 2013/2014 tenker vi oss følgende opplegg, basert på synspunktene ovenfor:

Uke 46, 47 og deler av 48: Forelesninger i sivilprosess

Uke 49 og 50: Seminarer i sivilprosess

Uke 2 og 3: Forelesninger i straffeprosess

Uke 4: Innlevering av kursoppgave

Uke 5 og 6: Seminarer i straffeprosess

Uke 7: Seminarer i straffeprosess og/eller i sivilprosess/straffeprosess

Uke 8: Eksamenslesing

Uke 9: Eksamen

Bergen, 27. november 2012

Ørnulf Øyen Magne Strandberg

NOTAT KNYTTET TIL FORSLAG TIL OMLEGGING AV UNDERVISNING I STRAFFERETT

Den 21. september 2012 kom en arbeidsgruppe bestående av Henry Mæland, Erling Johannes Husabø og Jørn Jacobsen med en rapport med forslag til endringer i undervisningen i strafferett. Hovedpunktene i forslaget fremgår av punkt 10 i rapporten, og går i tillegg til endringer i faget Strafferett ut på en omstrukturering av hele fjerde studieår med økt ressursbruk i de ulike fagene.

Dekanen og prodekanen hadde et møte med de kursansvarlige for fjerde studieår 19. november 2012 hvor en ble enige om å utsette den planlagte omstruktureringen av fjerde studieår til høsten 2014, og i stedet gjennomføre de foreslåtte endringene for faget Strafferett, med begrensede endringer for øvrig. Sivilprosess (som en del av faget Rettergang) skulle inntil videre komme først i semesteret, deretter Strafferett i form av alminnelig og spesiell strafferett, og til slutt den andre delen av Rettergang i form av straffeprosess. Eksamenstidspunktene skulle være som før.

I brev av 23. november 2012 foreslår de oppnevnte kursansvarlige for faget Strafferett høsten 2013, at det likevel skal gjøres endringer i struktureringen av fjerde studieår, avvikende fra det som ble lagt til grunn på møtet 19. november. Det foreslås at strafferettsundervisningen gjennomføres før undervisningen i sivilprosess og straffeprosess, jf. forslagets punkt 1, og at eksamen i strafferett gjennomføres tidligere enn før, i uke 46, før eksamen i Rettergang som avvikles på vanlig tidspunkt i månedsskiftet februar/mars.

I brev av 27. november 2012 kommer de kursansvarlige for Rettergang mot innsigelser mot de endringer som er foreslått i brevet av 23. november 2012. Det gjøres gjeldende at forslaget fra de kursansvarlige i Strafferett innebærer at faget Strafferett tilgodeses med to uker mer enn faget Rettergang, og at det ikke blir mulig å gjennomføre hele undervisningen i Rettergang før jul. Det foreslås derfor at eksamen i Strafferett må avholdes i uke 45 dersom tidspunktet skal endres, jf. punkt 1 i brevet. I tillegg anføres det at opplegget innebærer at en av kursoppgavene ikke kan gjøres obligatorisk, jf. punkt 2. Det ønskes også økt undervisningstid og eksamenstid for faget Rettergang, jf. punktene 3 og 4.

Ingen av de studieoppleggene for fjerde studieår som skisseres i brevene av 23. og 27. november, er i samsvar med den enigheten som ble oppnådd i møtet 19. november. Etter å ha konferert med de kursansvarlige for Rettergang, ønsker de likevel det opplegget som de skisserer i sitt brev av 27. november, altså en modifisert utgave av det som ble skissert i brevet av 23. november, fremfor det som det ble oppnådd enighet om på møtet. Siden de kursansvarlige for Rettergang synes å ha rett i at forslaget fra 23. november må korrigeres for at Strafferett og Rettergang skal få lik undervisningstid, legges dette til grunn.

Det må understrekes at de foreslåtte endringene har kommet på plass i løpet av svært kort tid, og at en må være forsiktig med å vedta endringer som kan få utilsiktede konsekvenser administrativt eller faglig. Det er med dette som bakgrunn at Studieutvalget må diskutere og ta stilling til forslaget til vedtak.

Det må i tillegg tas stilling til forslagene i brev av 23. november 2012 når det gjelder økt ressursbruk i faget Strafferett. Det bes om at den samlede ressursbruken til undervisning og eksamen i strafferett kan økes med inntil 25 %, jf. punkt 9 i forslaget. En stor del av denne ressursøkningen bygger

imidlertid på økt eksamenstid, og hvis økt eksamenstid ikke blir vedtatt i denne omgangen, er det mest naturlig å fokusere på ressursbruken knyttet til det enkelte tiltak i punktene med forslag.

Også de kursansvarlige i Rettergang ønsker en økning i forelesningstimer og i eksamenstid som forutsetter en ressursøkning, men det er foreløpig ikke lagt til rette for et vedtak om dette.